



Box 235
4660 Evje

INNLEDNING TIL FOREDRAG OM "HAUGIANERNE OG VEKKELSESFOLKET I KAMP."

I midten av november hadde vi åttiårsfest for stiftelsen av Norsk Luthersk Misjonssamband i Evje. Det var forresten samme kveld som en begynte feiringen av Norges endelige frigjøring i 1905 på Fjernsynet.

Det ble en forunderlig fest. Den hang så godt sammen fra begynnelse til slutt i en stor sammenheng om kamp og frihet.

Vår hyrde og formann Selmer Larsen åpnet med ordene fra Heb. 13 v. 7.: "Kom i hu eders veiledere, som har talt Guds ord til eder. Gi akt på utgangen av deres ferd, og etterfølg deres tro."

Så overtok Ljosland og fortalte oss om våre veiledere og utgangen av deres ferd.

For de som ikke kjenner Arne Ljosland vil jeg kort nevne at han har vært lærer her i Evje i en mannsalder. Hjemmet til Gyro og Arne har alltid vært et av de faste punkt for misjonens sak i kommunen. De har ellers tatt vare på fedrearven både i ord og toner. Sangene etter vekkelsene før i tiden har de samlet, tatt vare på og brukt i sang og vitnesbyrd over store deler av Agder. Den historiske arv etter Hans Nilsen Hauge har de tatt vare på ved å finne gamle kilder i arkiver, brever og muntlige overleveringer osv. Første gang vi fikk øse av denne skatten var på det årlige Høgetveitstevnet i 1978. Denne garden hvor Sambandet ble stiftet i år 1900.

Hva var derfor mer naturlig enn at Ljosland ble bedt om å fortelle om Haugianerne og vekkelsesfolket på åttiårsfesten og etter de store vekkelsene vi nå har hatt ?

Han fortalte om da Hans Nilsen Hauge kom til disse bygder i 1803. Det ble vekkelse og de starta Mølla ved Fennefossen. Dette sted som også ble kalt Strålemot fordi det ble et mektig senter for vekkelsesfolket på Agder. Det ble et Guds senter for mot og kraft til hele Agder og videre ut. Guds ord gjennomsyret etterhvert alt deres liv. Deres tanker vandret i Jesu føderum og ble der samlet i sin hovedsum. Så tok de fatt på det åndelige og verdslige gjenreisningsverket. Folket var i nød på alle måter. De forkynte Guds ord og ordnet med jordbruk, industri og samfunnsliv. De måtte fø seg selv, kunne hjelpe sin neste og ha midler til Guds rikes arbeid. Resepten var hardt arbeid og "Gudsfrykt med nøysomhet." Flere av dem reiste til Eidsvold og ga oss verdens frieste konstitusjon, Grunnloven tuftet på kristendommen i § 2. Den og Bibelen ble ankerfestet for de krafttak som kom senere. De første friheter var vunnet. Den indre felsens frihet og en ytre frihet, både timelig og konstituasjonelt. De er verdt en kamp også i dag. De tenkte vel så de gamle Haugianere at noe er rett og noe er galt også i samfunnet og retten må stå fast på tinget.

Ja, "Hat det onde og elsk det gode og la retten stå fast på tinget" sier profeten Amos i kp. 5 v. 15.

Skal den det gjøre, må den stå skrevet et sted, og hvor skulle den står skrevet om ikke i lovene for landets styr og stell ? Vi fikk lover som vi kunne leve med som Esek. sier det i kp. 20 v. 25.

I 1836 ble 20 karer fra Engesland/Iveland arrestert for brudd på Konventikkelplakaten og Tveit fra Evje tok opp kampen på Stortinget sammen med Ole Gabriel Ueland og i 1842 falt Konventikkelplakaten og vi fikk møtefrihet og nesten full religiøs frihet. I glede over dette skrev Erik Venjum "O Takk, vår Herre kjær, For sådan frihet er At vi i fred Kan tales ved Om det som hør til salighet."

Flere friheter ble kjempet frem og i 1845 fikk dissenterne sin frihet. Tiden og kampen gikk videre og i 1851 fødtes nok en frihet, denne gangen for jødene. Tilføyelsen i grunnloven om at jøder ikke måtte tåles i Norge, ble strøket. Denne frihetskampen for jødene kunne kanskje ha noe å si oss i dag hvor de er i ferd med å bindes og undertrykkes i Norge, Europa, ja, i sitt eget land.

Kampen gikk videre i forkynnelse og praktisk arbeid og de fikk innflydelse og armslag. Og i 1905 skulle nok et krafttak tas. Da stod Jørgen Løvland fra Evje fram på Bibelen og Konstitusjonen. Han stod på "skulderen" av vekkelsesfolket og vi ble fri i fred. På forunderlig vis og til rett tid står det frem i Norge menn som vi så sårt trengte. Personlig tror jeg de var sendt av Gud når vi mest trengte dem og etter manges forbønn. At de var kalt av Gud bekrefter de også selv, det gjelder også Jørgen Løvland. I et brev til en venn i Faret i Hornnes sier han: "Hva mig angaar, blev min gjerning et Kald jeg ikke kunne motstaa." Og videre: "Det blev derfor en pligt å gaa. Den følelsen giver mig Ro og Trygghet i Sindet, uagtet Venskelighedene og Ubehagelighedene for ikke å sige Farene ligger til alle Sider. Men når en er forvisset i sit Sind og ved sin Pligt, da er gjerningen ikke så

tung." "Det er faldt i min Lod med Alvor, Ro, Verdighet, Klarhet at tolke mit Fædrelands Tarv og Rett i onde Tider og der hvor Avgjørelsene faller." Han skriver videre om oppgavens storhet og sin egen litenhet, men så avslutter han med tillit til et vakkert og enig folk som han hadde i ryggen og så sier han: "Jeg skal gjøre mitt beste og så legger vi Sagen i Hans Haand som styrer Folkenes og Fyrstenes Skjebne. Gud velsigne vårt gamle kjære Fædreland og dets Folk."

Imens hadde Gud lagt det til rette med flere misjonsorganisasjoner som etterhvert ble klare til å gå til jordens ende med evangeliet. Og i 1905 hadde vi verdens frieste konstitusjon, full religiøs frihet, jødene frihet og vi hadde nasjonal og politisk frihet. Vi kunne gå på Jesu befaling. I sannhet: "- får da Sønnen frigjort eder da blir I virkelig fri." Etterhvert ble Norge verdens største misjonsfolk pr. innbygger og nesten også abso-lutt. Nome sier: "Haugianerne var forholdsvis få i tall, men gjorde seg likevel sterkt gjeldende i det religiøse liv og etterhvert også politisk." Vi er mange. Vi må be om samme lys og kraft som våre fedre har haft.

Norge er i ferd med å bindes både innenriks og som nasjon. Og hva kan Norge gjøre for misjonens Herre om vi selv bindes? Vi som kristenfolk trenger å studere Nehemias som vi har gjort på Evjetun i høst. Vi trenger å følge han når han samler folket for å gjenreise tempelet og murene rundt folket. Vi må følge Guds folk når de murer med sverd ved lend. Vi som et nytt vekkelsesfolk må be om nåde til å gi akt på våre veiledere: Nehemias, Hauge, Guds folk i kamp og ferd som ga frihet, fred og misjon. Vi må be om å få nåde til å etterfølge deres tro. Ja, vi trenger mot, kraft og sindighets ånd, troens ånd og bønnens ånd. Ånden fra Han som har overvunnet verden.

Misjonær Sæverås, var kveldens hovedtaler og hadde budskapet ut fra Mat. kp.24 v.3-14. Det var et kampens, motets og seierens budskap. Det var et budskap om Jesu gjenkomst og misjonen. Han talte om tegnene på Jesu gjenkomst som var fødselsveer og ikke dødssmerter. Veer bærer bud om at noe nytt skal spire frem, fødes. Guds menighet er selv et tegn på Riket som skal komme, men samtidig Den Hellige Ånds redskap for å fullende Guds Rike. Verden ser det ikke. Verden ler av Guds menighet, setter den til side, ja, hater den som verden alltid har gjort og i samsvar med teksten. Her i verden har vi ingen sikkerhet og garanti, uten Jesu løfte "- jeg er med dere alle dager inntil verdens ende." Sæverås skildret hvordan dette skjedde i Ethiopia i dag. Hvordan de kristne mistet sine institu-sjoner, ble pint og torturert, men som i sin nød roper: "Jesus lever, halleluja." Garantien er "Dødsrikets porter skal ikke få makt over dem, Guds menighet. Jesus er med, alle dager, inntil verdens ende. Det var budskapet om Rytteren på den hvite hest som drar frem fra seier til seier og hvor ropet fra Guds folk stadig oftere lyder: "Kom Herre Jesus, kom snart."

Gud holder verden oppe og frir den for sin menighets skyld. Og det er den som holder igjen for at Rytteren på den hvite hest skal nå til alle folkeslag. Ja, Han er misjonen. Evan-geliet om Riket skal ut, for enden er ikke enda. Og du vet ikke tid og time. Å vente rett på Jesus er å drive misjon, ja, det er etter Guds ord slik en fremskynder Jesu gjenkomst.

Men underet skjer i de tomme hender og når vi er innpodet i Jesu legeme. Er forvaltningen av livet vårt slik at Gud får sin vilje? Våger vi å være anderledes for Jesu skyld for at evangeliet om Riket skal nå ut? Tør vi si nei, der verden sier ja, og ja der verden sier nei forat evangeliet skal nå ut? Historiens Herre har alt i sin hånd, men får Han bruke oss til sine vitner. Det begynner med å komme til Jesus og det fortsetter også der.

Teksten som denne kvelden ble lest fra den nye oversettelsen talte i v. 12 om lovløsheten som skulle ta overhånd. Og selv om det ikke ble nevnt i talen talte Gud til noen av oss om nettopp disse u-lovene som nå vil binde Guds menighet og nasjonen vår. Slike ulover som Hauges menn i sin tid kjempet ned forat vi skulle få kristen frihet til å gå like til jordens ende.

Og løftet lyser i dag som det lyste over Hauge og den tids vekkelsesfolk: "Jeg er med dere, alle dager, inntil verdens ende. Dødsrikets porter skal ikke få makt over Guds rike. Etter-følg deres tro i åndens og håndens arbeid. Vi slutter med disse frihetsvers av Venjum. De som går på tonen: "Guds Sønn har gjort meg fri."

195 O TAKK, vår Herre kjær, For sådan frihet er At vi i fred Kan tales ved Om det som hor til salighet! Ja, takket være du Som bliver ved ennu A øse ned Ånd, liv og fred I samlet menighet! A underlige skjulte ting Som så kan løfte opp vårt sinn Fra nød og støt Til liv og glede set! Min Frelsermann, Fra korsets stand Jeg lengter hjem til himlens land, Og ønsker titt A komme der Til evig hvile blid.

2. A nåde og forsmak! Min sjel ble lett og glad, Den byrder bar, Alt gunkelt var, Men nu ble veien etter klar, Og verdens tanker svant, Nytt lys igjen opprant. Slik nådelønn Gir oss Guds Sønn, Helst under sang og bønn. Har dråpene en sådan smak, Hva livets strøm i Salerns stad! Enn tid vi har, Men bruk den rett, vær snart! A — skulle vi Ei hjertelig Deg elske, ære, glad og fri? Bevar vår sjel, Immanuel! Far, venner, far nu vel!

Etik Venjum, 1842, i glede over at konventikkel-plakaten ble opphævet.

Nov. 1980.
Jørgen Kjøgebru

1980 er 250 års jubileum for slaget på Stikkestad 1630

HAUGINANRANE OG „VEKKELSESFOLKET" I KAMP.

Det er meininga at eg skal gje ei lita utgreiing om kristenlivet i Evje og Hornnes frå haugerørsla tok til og framover til hundreårsskiftet. Det er lite som er skrivne om det kristne arbeidet frå den tida. Dei førde ikkje møtebøker, så me har berre det som sogegranskarane har samla.

Av hjelpekjelder kan eg nemne:

1. Halvard Heggveit: "Den norske kirke i det 19. årh."
2. Ivar Welle: "Kirkens historie."
3. Håkon Wergeland: "Kyrkjesoge."
4. Oscar Handeland: "Kristenliv på Agder." *og „Vaarløysing III.*
5. Olav O Uleberg: "Hornnes l. Gards- og ættesoge."

Hausten 1803 hadde Hauge ein snartur heim til foreldra, og straks etter tok han over fjorden til Skiens-traktene. Han hadde tenkt seg til Kr.sand, men tok landevegen om Kviteseid, Vrådal, Nissedal og Åmli. I alle bygdene samla han folk til møte og tala Guds ord. Det blei meir eller mindre vekkingar over alt. Frå Åmli tok han vestover og vidare over heia til Bygland. Han kom til Bygland seint om hausten ein preikesundag. Så var han i kyrkja og hørde presten, ^{Erle} Erik Anker Bruun. Denne presten i Bygland var ikkje slik at Hauge kunne vente nokor hjelp eller støtte frå han. Om kvelden hadde Hauge møte på Åkhus. Medhjelparen til Hauge, Targeir Hage, fekk Hauge med seg til Lauvdal der han heldt to møte. Tore Pålsson frå nedre Nordgarden på Lauvdal var på desse møta. Ho var truleg og på Åkhus på samlingar. Det eine møtet på Lauvdal var i "Steinevodden" øvst oppe under lia. Der møtte det så mange folk at lufta blei urimeleg tung og kvalm i dei låge stovene. Tore blei vakt på desse møta, og ho vart haugianar all sin dag seinare. Då ho gifta seg med Olav Jakobsen på bruket "Vodden", ville ho ha stovene høge, så lufta ikkje skulle bli altfor tung når dei heldt samlingar. Olav gjekk med på dette. Tore Pålsson blei seinare oldemor til emmisær Aasmund Lauvdal.

Frå Bygland reiste Hauge nedover til Hornnes. Fyrste møtet i Hornnes var på Senum på bruket Derborte. Også der kom mykje folk. Mange kom langvegs i frå. Ryktet om Hauge gjekk føre han. Mange ville sjå og høyre den merkelege mannen. Olav Torgrimson Horverak d.y., som seinare busette seg på Fennefoss, var på veg utover til Senum. Då kom grannen ut i døra og ropte: "Kvar vil du av?" "Av og høyre Hauge", sa Olav. "Men lat meg sjå han ikkje dårar deg", sa han. "Kvæ han dårar, så dårar han ikkje meg", sa Olav.

"Han kom inn i den fullsette stova. Olav var kvitt med same tak: "Då eg berre hadde fengje set han, var eg færige", sa han når han kom på dei rødone. Han var ein trugen ven av Hauge til han fylgde han åt jordi." (Sitat frå "Gamalt or Setesdal").

Hauge reiste sørover til Fennefoss. Då han fekk sjå den store og fine fossen, fann han snart ut at her var ein høveleg stad til ei papirmølle, og han sa til venene sine at dei måtte utnytte Guds gåver. Hauge hadde funne seg ein mann i Setesdalen

som heitte Torkjell Sveinungson Åsen, Grendi. Denne mannen var både gløgg, flittig og nevenyttig, og Hauge skjøna at han var den rette mannen til å starte arbeidet med å byggje fabrikk.

Alt i 1804 blei det tinglyst ei handelskontrakt på fossen og eigedomen der i Kring til Torkjell Sveinungson, og straks etter ~~etter~~ fekk han kongeløyve til å byggje papirfabrikk. Han fekk med seg Grunde Olsen Austad, Gunnu Halvorson Syrtveit og Torkjell Anundson Håvestøl. Desse 4 skipa eit lutlag, og dei hadde ein lut kvar. Dessutan var Ole Nielsen Hauge, bror til Hans Nielsen Hauge, med og rettleidde då fabrikk ved Fennefoss blei oppsett.

Det blei og bygd mange andre bygningar ved Fennefossen. Ein kan såleis nemne ei sag, ei kornmølle, ei stampe til å stampe skinn og vadmål, eit våningshus, ei smie, ein stall, ein spikarhamar og andre. Det var i alt 12 bygningar ved Mølla. I 1808 blei det halde takst på eigedomen, og samla takst blei 12100 Rd.

Alle som arbeidde på fabrikk og elleis folk ikring, var djupt gripne av den sterke åndsmakta og det kristne livssynet som fylgde med Hauge si forkyning. Det var to sterke tonar i forkyninga hans.

1. Han mana sterkt til omvending og syndeanger, noko som dei rasjonalistiske prestane tagde med. Prestane i den tida var sterkt påverka av rasjonalismen, forstandstrua. Dei forneakta mange grunnsanningar i kristendomen, og dei sa mellom anna at Kristus var ikkje komen for å sone synda. Men han skulle lære oss å gjere vel mot andre og leve eit fint liv. Dei arbeidde svært mykje for god folkeopplysning. Forkyninga til vekking og omvending, og trua på Jesus Kristus som einaste frelsar frå synda, møtte difor sterk motstand frå rasjonalistane.
2. Han tala mykje om helginga, det nye, heilage livet som alle Guds barn skulle føre. Det var kvardagskristendom. Hauge forkynte nok og Kristi soning og syndstilgjeving, men han var heller varsam med det. Grunnen til dette var at han heime i Tune hadde råka på folk frå "Brodersamfunnet" som tala mykje om Jesu soning for syndene, men livet deira var skjemd av stygge synder og laster. Det var nok likevel mange frå "Brodersamfunnet" som levde eit godt og fint kristenliv.

Endå eit særmerke ved Haugerørsla lyt me nemne. Hauge mana støtt venene sine til truskap og trott i kvardagsyrket. Han hjelpte fleire av dei fram, fekk dei til å byggje møller og sagbruk, drive handel, kjøpe gardar, drive bureising o.s.b.

Hauge-rørsla førde såleis med seg ikkje berre straumar av nytt, åndeleg liv i bygd og by, men og stor timeleg framgang. Dette kom vel med, for det var tronge og vanskelige tider med hunger og borkebrød. Hauge hadde mange dugande medarbeidarar som han sende ut frå stad til stad. Fleire av desse blei seinare bondehovdingar, og ikkje få blei stortingsmenn. Det var såleis to frå Evje og Hornnes som me skal høyre meir om seinare.

Hauge ville på ingen måte lage ei ny sekt eller eit nytt kyrkjesamfunn. Han ville berre vekkje nytt liv innanfor den Lutherske statskyrkja. Likevel blei han forfylgd og jaga frå bygd til bygd, utskjelt og baktala i preiker og blad og sett i fengsel gong etter gong. Men Hauge var alltid den tålmodige

og rolege mannen. Han skjelte ikkje att når han blei ut-skjelt, og han lønte vondt med godt. Men han tala ofte harde og strenge ord mot rasjonalismen i skriftene sine.

Det var ein sterk trong etter å høyre Guds ord då Hauge var på Fennefoss. Han skreiv seinare at mange kom og ville høyre han og tale med han. Sume kunne gå til fots frå 2 til 10 mil. Heggveit fortel såleis at oldemor til emmisær Åsmund Lauvdal, Tore Pålsdotter, som eg har nemd før, gjekk frå Lauvdal i Bygland til Fennefoss for å kome på eit møte. Ho sa seinare at ho gjekk lettare til Fennefoss enn ho gjekk bakkane heime på Lauvdal når ho skulle besøke bror sin, for han var uomvend og motstandar av Hauge-rørsla. Dette kunne kanskje ha noko å lære oss. Det var ein indre brann som dreiv dei. Ordet og samfunnet var lækjedom for tørste sjeler. Korleis er det med dette i dag ?

Arbeidsflokket på Fennefoss, ca. 20 mann, var eit lite samfunn for seg som sette djupe merke etter seg. Fennefoss var samlingsstad og knutepunkt for heile Otra-dalføret. Me kan merke oss at det blei ikkje store vekkingar ved Hauge sjølv i bygdene her i kring. Han fekk for lite tid til å stoppe her. Det blei berre spreidde møte i bygdene der han for fram. Men han vann nokre få dugande menn og kvinner på kvar stad. Desse blei hans trugne medarbeidarar som heldt fram med arbeidet etter at Hauge var reist, og etter kvart blei det større vekkingar i kring i bygdene.

På Fennefoss ordna han det slik at kvar helg sende han ut mennene sine til dei ymse bygdene. Dei skulle halde møte eller samlingar, og dei skulle vere to menn ilag på kvar samling. Kvart møte hadde som regel eit vanleg mønster eller program. Det tok til med bøn, og så las dei teksta frå Luthers huspostel. Deretter song dei ein salme. Så blei det formaningsstale med bøn og song. I den tida tykte dei det var vanskelegare for lekfolk enn det er i dag å halde ein vanleg tale med tolking av teksta. Til dette meinte dei at dei trong meir kunnskap og lys over Guds ord. Dessutan var det ulovleg. Difor las dei mykje i gode bøker på møta. Det kunne ingen nekte dei. Dei var flinke til å samle på gode andaktsbøker, og dei hadde bøker av Luther, Johan Arndt, A. Franke, Erik Pontoppidan og andre. Dei hadde og ein del skrifter av Hauge. Hauge skreiv 33 bøker i alt, 19 før han blei fengsla og 14 etter han blei ein fri mann.

Men Hauge fekk ikkje høve til å vere lenge på Fennefoss, og han kom der aldri meir. Han måtte nedover til Kr.sand, og alt i 1804 blei han fengsla på nytt og blei sitjande inne i mange, mange år. Fengselstilhøva var umenneskeleg harde. Det fyrste året kom han ut i frisk luft berre tre gonger, og i to år fekk han ikkje lov til å lese ei einaste bok, og ikkje fekk han snakke med ein einaste ven. Seinare fekk han litt meir fridom etter han blei sjuk. Fyrst i 1814 blei han ein fri mann. Men då var helsa hans heilt nedbroten etter dei harde tilhøva i fengselet.

Det var og ei hard og vanskeleg tid for venene til Hauge i den lange tida Hauge sat i arresten, og då kongen sjølv tala i mot Hauge si gjerning, var det eit hardt slag. Dessutan skreiv Hauge eit brev til venene sine og formana dei til å vere lydige mot kongens påbod. Skriftene til Hauge blei "beslaglagt." Men folk var veldig flinke til å løyne skriftene der dei samla dei inn. Etter dette blei det slutt ei tid med å reise som forkynnarar,

og dei heldt sjeldan samlingar om Guds ord. Men dei heldt likevel andakt i heimane og hadde åndelege samtalar.

I 1806 var det mange som blei tiltala og dømd for brot på konventikkelplakaten. Konventikkelplakaten var ei dansk lov frå 1741. I denne lov var det nokre paragrafar som forbaud lekfolk å halde gudelege samlingar og forkynne Guds ord. Ole Nielsen Hauge, som hadde vore med på Fennefoss då fabrikk blei bygd, var elles kjøpmann i Kr.sand. Han blei innstemd for retten på Austad i Bygland, for han hadde halde gudelege samlingar og andaktsøvingar i vestre Raabygdelaget. Men han blei frikjend

Gulbrand Haagensen, som heldt seg på Fennefoss, blei innstemd for "utilladelige Forsamlinger". Det heile enda med at også han blei frikjend.

Inger Olsdotter blei og sett under tiltale. Ho hadde preika Guds ord for kyrkje-ålmugen utanfor Hornnes kyrkje. I underretten blei ho fyrst dømd til tukthus og ei pengebot. I overretten slapp ho tukthus, men måtte betale pengebota.

Eldri Olsdotter, truleg kona til Gunnu Halvorsen Syrtveit, blei tiltala for "utilladelig Forsamling af Almue og tale for denne". Ho blei dømd til å betale sakskostnad ved underretten, men slapp heilt fri ved overretten.

Me skjønar at desse kvinnene som blei tiltala, var både ivrige og modige, som våga å halde samlingar og forkynne Guds ord i ei tid då jamvel mennene heldt på å svikte. Her kan me merke oss at den haugianske rørsla førde med seg meir likestilling mellom mann og kvinne enn det hadde vore før, og særleg i kristeleg arbeid. ("Welle")

Lensmannen i Evje og Hornnes, Ole Ramse, som budde på Fennefoss, blei tiltala for forsøming av sine embetsplikter. Han sympatiserte med haugianarane og ville ikkje hindre dei i arbeidet. Men han slapp fri.

Papirmølla på Fennefoss gjekk ikkje så mange år. I 1807 døydde Torkjell Åsen. Far hans selde då hans lut i fabrikk til Ole Eielsen Eg, og i 1811 selde Grunde Austad, Gunnu Syrtveit og Torkjell Håvestøl sine luter til Ole Eielsen og Ole Jensen, Kr.sand. Papirfabrikken blei no nedlagt og flytta til Jægersberg i Oddernes. Der blei han sett i gang att ved Papirmøllvatnet, og han gjekk då til 1830-åra. Men kornmølla, saga og stampa var framleis i gang. I 1813 blei fossen med bygningar og anna seld til Ola Jonson Ljosland, Åseral og Ola Torgrimson Horverak d.e.

Møta og vekkingarbeidet heldt fram på Fennefoss og bygdene omkring. Sume stader blei det store vekkingar, mest oppover Setesdal, særleg i Bygland og Valle. Men konventikkelplakaten la store hindringar i vegen for arbeidet over alt. Haugianarane i Evje prestegjeld var i grunnen godt stilla samanlikna med mange andre stader. Dei stod som regel på god fot med prestane og lensmennene. Me kunne t.d. nemne Ole Berg, som var sokneprest i Evje prestegjeld frå 1829 til 1841. Han sympatiserte sterkt med haugianarane. Det hende at han tala saman med dei på møta. Men han passa likevel nøye på at konventikkelplakaten blei fylgd.

Den siste store forfylgginga i Evje prestegjeld var i 1836. Då blei 20 menn sett under tiltale. Det tok til i Vegusdal, som då hørde med til Evje prestegjeld. Omkring 1830 gjekk det ei vekking over Vegusdal og Iveland som ikkje var gått ut frå

haugianarane på Fennefoss. Føraren deira, Knut Fjermedal, tala mot presten på kyrkjegarden etter gudstenesta, for presten hadde tala for mykje om gjerningar og for lite om trua. Dessutan brukte han grove ord om lærar hans. Stortingsmann Notto Jørgensen Tveit og Ole Torgrimson Fennefoss hadde prøvd å tale mannen til rette, men han høyrde ikkje på dei. Då blei Knut meld av presten, og oppreinskinga tok til. Den 5. mars 1836 blei det avsagt dom i Høgsteretten, som dømde 19 menn frå Evje prestegjeld frå 5 til 10 dagar i fengsel på vatn og brød for brot på konventikkelplakaten.

Dei 20 mann på tiltalebanken var:

1. Knud Ellefsen Fjermedal
2. Salve Aslaksen Winterhuus
3. Hans Hansen Winterhuus
4. Mads Ellefsen Gjerustad
5. Knud Christensen Elshougen
6. John Olsen Aarigstad
7. Ellef Madsen Gjerustad
8. Peder Salomonsen Engesland
9. John Salomonsen Engesland
10. Gunder Olsen Dovland
11. Ole Hansen Løeland
12. Salve Olsen Belland
13. Peder Knudsen Hovland
14. Christen Knudsen Hovland
15. Osmund Jensen Gaaseflaa
16. Knud Aslaksen Fjermedal
17. John Nielsen Løeland
18. Landeværn Aslak Knudsen Fjermedal
19. Soldat Gunsteen Torjesen Løeland
20. Landeværn Gunder Olsen Haugum

(I Høgsteretten blei nr. 13 av desse 20 frifunnen.)

Denne domen gjorde at stortingsmann Notto Jørgensen Tveit, Evje, same året kom med framlegg i Stortinget om å take bort dei paragrafane i konventikkelplakaten som forbaud lekfolk å halde gudelege samlingar. Haugianarane i Stortinget med Ueland i brodden kjempa ein hard kamp mot embetsmennene for å få desse paragrafane bort.

Framlegget blei vedteke i Stortinget i 1836 og i 1839, men begge gongene nekta riksstyret sanksjon. Så fekk riksstyret den dugande juristen, Winter Hjelm, til å setje i hop eit lovutkast som i visse måtar var endå verre enn konventikkelplakaten. Leksne som preika, skulle straffast med bøter eller fengsel. Presten åleine skulle gje lov til å halde samlingar. Dette framlegget blei sendt rundt til alle formannskap og embetsmenn. Det er fyrste gongen folket blei tilspurt i religiøse saker. Riksstyret hadde rekna med å få støtte i folket og mellom embetsmennene. Men det synt seg at fleirtalet i folket og dessutan mange prestar heldt med Stortinget. Dei ville ha Guds ord forkynt fritt.

Etter dette kom saka opp att i Stortinget i 1842 og blei vedteke tredje gongen, og no kunne riksstyret ikkje lenger nekte sanksjon.

No hadde lekfolket endeleg vunne ein stor og viktig siger som fekk veldig mykje å seie for det kristne arbeidet. Dei urimelege paragrafane i konventikkelplakaten fall bort. No blei det ikkje lenger ulovleg for lekfolk å forkyne Guds ord og reise i kring og halde møte. Det har vore sagt at konventikkelplakaten knekte Hauge, men Hauge knekte konventikkelplakaten. Men lekfolket måtte framleis føre ein langvarig og hard kamp mot embetsmennene og det høgkyrkjelege synet som ville leggje hindringar i vegen for det frie, kristelege lekmannsarbeidet.

Den mest kjende hauginaren i Evje i den fyrste tida av haugerørsla her i bygda, var kyrkjesongar og seinare stortingsmann Notto Jørgensen Tveit, 1794-1839. Han var den fyrste i landet som gjorde opptaket til å få bort konventikkelplakaten, som me har høyrte før, og han blei difor landskjend.

Ole Torgrimson Horverak, Fennefoss, f. 1777, var den fremste åndelege leiaren i Hornnes. Han hadde vore lærar nokre år i Årdal. Men då han hadde høyrte Hauge på Senum, blei han ein trugen haugianar heile livet. Han sa opp lærarposten og flytte til Fennefoss då arbeidet med papirmølla tok til. Han laut vere der som var så mange Hauge-vener. Og her fekk dei god bruk for han. Han var dugande i alt praktisk arbeid, og han hadde meir enn vanleg kunnskap. Han var ein høgvyrd og akta kristen som fekk stor innverknad ikkje berre i Hornnes, men i Evje og i heile Setesdalen og endå lenger. Då han blei stortingsmann i 1824, var han flittig saman med haugianarane ikring Oslo, og i høgtidene besøkte han jamvel Drammen og Eiker papirmølle, og han var ein vyrd og akta talar mellom haugianarane

Då han hadde vore på Stortinget ein periode, slo han seg meir i ro heime på Fennefoss og arbeidde på garden. Han reiste lite utanfor heimbygda. Ole var gift med Ingeborg Pedersdotter Håvestøl, enka etter lensmann Ramse som døydde i ung alder. Ole og Ingeborg hadde ein svært gjestfri heim, og han var midtpunkt for det kristelege livet der ikring. Ole var og med i kommunalt arbeid. Mellom anna var han med i skulekommisjonen for Evje prestegjeld frå 1820 til 1840. Mari, dotter hans, f. i 1816, var og haugianar. Ho blei gift med Torgeir Åsulvson Kallhovd. Ole Torgrimson døydde i 1840.

Mikkel Olsen Tveit, Fennefoss f. i 1797, gift i 1824 med Guro Oldsatter, f. 1800 på Høgetveit (dotter til Ola A. Flåt og Ingeborg Gunsteinsdotter). Dei budde fyrst på Tveit, men frå 1828 på Fennefoss. Han var haugianar og ein^{av} dei kristelege forarane i bygda. Mikkel blei omvend ved samværet med Ole Torgrimson Fennefoss, ved hans forkynning og ikkje minst ved hans lysande, kristelege framferd.

Mikkel var ein god forkynnar, og han forkynte Ordet særleg i bygdene sørover til Kr.sand og vestover heilt til Mandal. Han var med i skulekommisjonen og i heradsstyret. Mikkel døydde i 1854.

Så må me nemne Ola J Høgetveit, som var ein av dei gamle og mest kjende haugianarane i Evje. Han var fødd på Høgetveit i 1813. Far hans, Jur, sat då med garden. Det ser ut som Ola var ung då han kom til trua, og heilt til det siste hadde han den heiløge elden og varmen i seg. Kvar han kom, vitna han om si tru og prøvde å få andre med seg.

Oscar Handeland skriv om dette i "Kristenliv på Agder": "Kjøpmann Ola Mykland, som på morsida er av Høgetveit-ætta, fortel at ein gong møtte han på torget i byen ein gamal mann som sa til han: "Ja så, du er ætta frå gamle Ola Høgetveit. No skal du høyra: Ola dreiv med griseavl, og den gong fanst det ikkje anten jarnveg eller riksveg. Når han då skulle til byen og selja grisar, gjekk det seint og tungvindt. På nedvegen var han alltid om natta hjå mine foreldre som budde på Strai i Torridal. Når han då hadde gitt grisane mat om kvelden og fått ordna seg, såsende han meg rundt med lykt på garden - det var vinterdag - og bad meg seia at no måtte folk koma, det skulle vera samling." Dette syner at også når han var i byveg, vitna Ola om si tru. Han døydde heime på Høgetveit i 1885.

Eldste sonen, Jur, var fødd i 1847. Han blei også "lesar" i unge år og gjekk i farens fotefar all si tid. Det same gjorde sonesonen, Ola, som var fødd i 1876 og var eldste sonen til Jur. Olav blei omvend då han var om lag 20 år gamal, og han gjekk med heile sin hug inn i det kristelege arbeidet i bygda. Olav var ein god talar og reiste ikkje lite for misjonen.

I denne slekta ser me korleis kristendommen og det kristne livssynet har sett sitt preg på slekta frå generasjon til generasjon, og 4-5 misjonærer har og gått ut frå denne familien.

Mellom dei kjende haugianarane i Evje må me og nemne Jens Nottosen Bjorå. Han var fødd på Kjebekk i Evje i 1810. Året etter kom han til Bjorå. Der bydde han så heile sitt liv med unnatak av ei tid han budde på Birkeland i Hornnes. Jens Bjorå blei omvend på Fennefoss i eit juleselskap. Han blei gift med Marta Olsdotter Uleberg. Etter at hans svoger, Mikkel Fennefoss døydde, var han leiar av haugianarane i mange år. "Allting er ferdig. Me må kome", gjekk som ein raud tråd gjennom forkyninga hans. Han var ein svært dugande og praktisk føregangsmann. Han sydde sjølv konfirmasjonsklærne sine. Seinare dreiv han mykje med sagbruk og møllebruk. Ellef, var han mykje med i kommunalt arbeid. Jens døydde i 1904, 94 år gamal.

I heimen til Mikkel Olsen Fennefoss ser me i grunnen noko av det same som på Høgetveit, at kristeleg liv og tradisjon går i arv frå slekt til slekt, og dette har nok vore slik mange stader. Den kristne arven er det største borna kan få med seg frå heimen.

Ola Mikkelson Fennefoss, fødd i 1825, d. 1887, var haugianar som far sin. Han tala ofte på oppbyggingsmøte og gjorde mykje i det kristelege arbeidet. Han var og med i kommunalt arbeid. Han blei gift i 1852 med Pernille Christine Andersdotter, fødd på Skagestad i Holum ca. 1830. Det var Andreas Holbæk som fekk til dette giftarmålet. Me veit at haugianarane hjelpte ofte kvarandre med å finne gode og høvelege ektemakar, og dei la stor vekt på å byggje gode, kristne og gjestfrie heimar.

Pernille Christine blei heitande Stina Fennefoss. Ho var ei klok og drivande kvinne, og ho var med og skipa den fyrste kvinneforeninga i Hornnes i 1864 etter ei vekking ved Aasmund Tangvald, Hornnes. Dette møtet var hjå John Hornnes. Stina Fennefoss fortel om dette i eit brev til "Norsk Misjonstidende" nr. 12 for 1913. Då dei skulle skipe foreninga, var det mange som meinte at når varmen etter vekkinga hadde kolna, så blei det nok ikkje meir av dette arbeidet. Ein mann sa det slik: "De kan nok begynne, men det vil aldri vare ved i lengda." Då sa emmisær Aasmund Tangvald: "Eg har bedt til Gud at denne foreininga må halde fram så lenge det er kristne kvinner i Hornnes." Foreininga går enno, og inntektene som kjem inn, har gått noko til Misjonsselskapet og noko til ymse indremisjonsarbeid.

Stina var ein varm kristen. I "Kristenliv på Agder" står det at ho bar heile bygda på hjarta sitt, bad for folk og mana dei til å søkje Gud. Ho blei kalla til sjukesengane vidt ikring, og mange søkte råd hjå henne i timelege og åndelege spørsmål. Dei som stod Stina nærast som medarbeidarar, var vel Eli Hornnes, Olaug Abusdal, Kari Tveit og Mari Jortveit. Stina døydde i 1916. Ho levde såleis langt inn i ein ny tidsalder.

Dei fleste i ætta har fylgt i faret etter Stina og Ola Fennefoss, og me kan og nemne at 6 prestar, 3 prestekoner og 2 misjonærar ættar frå haugianarheimen på Fennefoss.

Av andre åndelege leiingar må me nemne: Gunstein Uleberg (1806-1891), Targjei Mølla, Søren Undeland, Aasmund Tangvald, Hornnes og Jørgen Nottosen Tveit, Evje.

Desse gamle haugianarane la veldig stor vekt på kristeleg liv og vandel. I sorg og glede, i motgang og medgang brukte dei å seie: "Takk Gud". Det er fortalt om ein mann at når det kom regnsbyger i hardaste høyturken, og høyet blei utbløytt, og folk blei sure og knurra, då såg han like nøgd ut, og mjukt lydte orda: "Takk Gud". Det har vore sagt at desse gamle haugianarane vann seg fleire med sitt lysande føredøme og sin varsame, kristeleg vandel enn med preikene sine.

Oscar Handeland skriv i "Kristenliv på Agder": "Det seier ikkje lite om den makt det haugianske livssynet åtte at så klok og tankekvass ein mann som Jørgen Løvland stod haugianarane nær lenge og bar merke av det all sin dag." (s. 388)

